



## Statens vegvesen

OPUS Bergen AS  
Strandgt. 59  
5004 BERGEN

Vigdis Lode

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Unn Jenny Utne Kvam /  
55516243

Vår referanse:  
16/56936-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
06.06.2016

### Merknader til revidert planframlegg – Reguleringsplan – gnr. 9 bnr. 156 – Hjertås industriområde – Meland kommune

Vi viser til e-postar med vedlegg, mottekne 08.03 og 21.04.2016. Vi orsakar lang sakshandsamingstid.

OPUS ynskjer ei tilbakemelding på revidert planframlegg før 2. gongs handsaming i kommunen. Statens vegvesen har følgjande merknader til vegteikningane, plankartet og føresegnene vi har fått tilsendt:

#### *Tekniske vegteikningar:*

Statens vegvesen etterspør tekniske vegteikningar for kryss/avkøyrsløse for å avklare om det regulerte tiltaket i praksis kan gjennomførast. Lengdeprofilteikning V2 (teikning 201) viser fall frå fylkesvegen inn i veg V2. Fallet vert i teikninga rekna frå midten av køyrebanane til fylkesvegen. Fallet skal reknast frå køyrebanekanten. Dette må rettast opp, då feil utgangspunkt for berekning her vil kunne få følgjer for kotehøgda i tilkoplingspunktet mellom vegane V2 og V1. Statens vegvesen ber om å få reviderte vegteikningar til gjennomsyn.

Vi føreset at tekniske vegteikningar inngår som vedlegg til reguleringsplan.

#### *Plankart:*

Plankartet må også vise frisisiktsone mellom V2 og kryssande gang- og sykkelveg.

Vegvesenet rår til at det arealet som er del av frisisiktsone ut mot fylkesvegen, men som er føreslått regulert til friområde, vert regulert til annan veggrunn – grøntareal. Planen vil då heimle at desse områda vert ein del av fylkesveganlegget.

*Føresegner:*

I uttalen til offentlig ettersyn rådde Statens vegvesen til at det vart innarbeidd krav til sykkelparkering i føresegnene. Det er no gjort, men minimumskravet er null sykkelparkeringsplassar. Føresegene inneheld krav om ein parkeringsanalyse saman med byggjesøknad. Vegvesenet rår til at eit minimumskrav til sykkelparkering høgare enn null inngår som eit utgangspunkt for denne analysen. Å ikkje setje krav om sykkelparkering i samband med planlegging av eit nytt næringsområde er etter vår vurdering ikkje i samsvar med nasjonale, regionale og kommunale føringar om betre tilrettelegging for sykkel som transportform, mellom anna på reiser til og frå arbeidsplassen.

Vi gjer elles merksam på at før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar. Erfaringsmessig ser vi at ikkje alle tiltakshavarar er klar over dette. Vi rår derfor til at dette vert innarbeidd som eit rekkefølgekrav i føresegnene.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG